

Årsplan for Skei skule SFO 2024–2025

Denne årsplanen byggjer på rammeplanen for SFO og vedtektene for SFO i Sunnfjord kommune.



Presentasjon av SFO

Skulefritidsordninga (SFO) er eit fritidstilbod før og etter skuletid for elevar i 1.–4. klasse og elevar med særskilde behov i 5.–7. klasse. På Skei skule jobbar vi for heilskap og samanheng mellom skule og SFO. Vi skal gje barna eit variert fritidstilbod og veksle mellom frileik og organiserte aktivitetar inne og ute. Det skal også vere rom for rolege aktivitetar og kvile. På SFO skal elevane oppleve omsorg, tryggleik og trivsel.

På skulen har vi eit SFO-rom med hems og kjøkenkrok. Når det er mange på SFO, deler vi oss i grupper og nyttar ulike lokale på skulen. SFO har mellom anna tilgang til gymsal, symjebasseng, musikkrom, hall med kunstgrasbane, klatrehall og sosialt rom, og uteområde på skulen. Vi dreg òg på turar, og vi nyttar skogen ovanfor skulen som leikeområde.

Aktivitetar på SFO

I rammeplanen for SFO er innhaldet i SFO-kvardagen delt inn i fire overordna tema som rammar inn lek, kultur og fritidsaktivitetar.

Leik

Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til lek kvar dag. Alle barn skal få høve til å delta aktivt i leiken og oppleve meistring. SFO skal leggje til rette for og støtte opp om at leiken kan stimulere til venskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. Vi vekslar mellom frileik og organisert lek og mellom inneleik og uteleik.

Kultur

SFO skal leggje til rette for at barna får delta i ulike kunstnariske og kulturelle aktivitetar, som forming, musikk, dans og anna skapande verksemd. Barna får tilbod om å teikne, måle og perle, og vi gjer ulike formingsaktivitetar som er knytte til tema, årstider og høgtider. Vi nyttar oss òg av instrument på musikkrommet, speler musikk og dansar.

Fysisk aktivitet og rørsleglede

SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremje rørsleglede og den motoriske utviklinga til barna. Vi brukar området til skulen til variert fysisk aktivitet gjennom SFO-året. Her har vi mellom anna tilgang på skogen ovanfor idrettsbana, bålhuset, hallen, gymsalen og symjebassenget.

Mat og måltidsglede

SFO skal leggje til rette for daglege måltid som gir barna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapskjensle og gode helsevanar. Barna skal få tid og ro til å ete i løpet av tida dei er i SFO. Dei som ynskjer det, kan ta med matpakke og ete frukost når dei kjem om morgonen. Det er også høve til å ete på ettermiddagen for dei som treng det. Vi har eit felles matpakkemåltid rundt kl. 13.30. Av og til lagar vi til noko godt på SFO. Det kan vere vaflar eller frukt, at vi bakar noko, eller at vi lagar bål og grillar pølser.



Våre ynske for SFO

SFO skal fremje inkludering og bidra til at alle barna har moglegheit til å utvikle vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med egne og andre sine kjensler.

– utdrag frå rammeplan for SFO

På SFO ynskjer vi å

- setje leik og aktivitet i fokus
- gje barna positive opplevingar kvar dag
- sjå kvart enkelt barn sine behov
- gje barna høve til å medverke
- vere tydelege og tilgjengelege vaksne
- lære barna å ta omsyn til kvarandre
- ha eit godt samarbeid med dei føresette

På SFO har vi desse forventningane til foreldre/føresette:

- De gjev melding i god tid når barnet ikkje kjem på SFO. Ring eller send melding til **40 44 60 30** før 08.50 på morgonen.
- De sender med barnet klede og sko som passar til ein SFO-dag, slik at ho/han kan vere både ute og inne.
- De sender med ekstra mat dersom barnet skal ete frukost/ettermiddagsmat på SFO.
- De les og fylgjer opp informasjon frå SFO.
- De tek kontakt om de har spørsmål kring SFO-opphaldet til barnet dykkar.

Praktisk informasjon

Opningstider

Opningstidene til SFO vert fastsette før starten av kvart nye skuleår med utgangspunkt i kor mange påmelde det er til dei ulike øktene på SFO. Skuleåret 24–25 held SFO ope måndag–fredag 07.00–09.00 og 14.30–16.30. SFO er i tillegg ope måndag 12.00–14.30 og onsdag 12.45–14.30. De finn alltid gjeldande opningstider på heimesida til Skei skule.

Ferie-SFO

Vi har samordna tilbod om ferie-SFO på Vassenden skule i haustferien, vinterferien, påskeferien og juleferien. Dei to fyrste og to siste vekene av sommarferien er det sommar-SFO på Skei skule dei dagane det er seks eller fleire påmelde. Dei dagane det er færre enn

seks påmelde, vert sommar-SFO samordna på Vassenden. Vi sender ut informasjon om påmelding i Visma Flyt Skole i forkant av kvar ferie.

Skyss til og frå SFO

Rett til skuleskyss til og frå skulen gjeld berre den oppsette skuleskyssen når skuledagen startar eller sluttar. Elevar som er på SFO måndagar og onsdagar frå 12.00/12.45, har ikkje rett til å nytte skuleskyssen heim 14.30. Det vil seie at dersom de vil nytte skuleskyssen 14.30, må de betale på bussen. Hovudregelen er at de sjølv leverer og hentar når barnet er på SFO.

Leiker med på SFO?

Barna kan ikkje ta med egne leiker på skule og SFO.

Måltid

På morgonen kan barna ete frukost på SFO dersom de ynskjer det. Ta i så fall med matpakke, og sei ifrå til oss på SFO at barnet skal ete her. På ettermiddagen måndag og onsdag har vi eit lite, felles måltid rundt 13.30. Det kan vere lurt å ha med ei ekstra brødskeiv til dette måltidet. Det er også høve til å ete nistemat seinare på ettermiddagen for dei som treng det. Av og til lagar vi til noko godt på SFO. Det kan vere vaflar eller frukt, at vi bakar noko, eller at vi lagar bål og griller pølser.

Klede og sko

Barna må ha med nok byteklede og gode klede til å vere ute i. Elevar frå 1. klasse nyttar knaggen i 1. klasse-garderoben. Elevar i 2.–4. klasse nyttar plass ved eige klasserom i gangen. Kleda må vere merkte med namn.

Reglar på SFO

På SFO gjeld ordensreglementet til Skei skule, akkurat som i skuletida.



Tilsette ved SFO

Vi har seks faste i personalet på SFO: Inger Elin Egge, Irene Befring, Kari Skrede, Emil Erikstad, Janne Helgås og Tonje Vigdal. Dei tidspunkta det er mange påmelde til SFO, hender det at vi brukar ekstra personale. Dei som jobbar på SFO, jobbar òg i skulen, og dei kjenner ofte elevane gjennom både skule og SFO.

Inger Elin er SFO-leiar med ansvar for planlegging og dagleg drift. Assisterande rektor Maria Sture har administrativt ansvar for SFO.



Det faste personalet på SFO. Framme frå venstre: Irene Befring, Janne Helgås og Tonje Vigdal. Bak frå venstre: Kari Skrede, Inger Elin Egge og Emil Erikstad.

Kontakt oss

SFO-telefonen: **404 46 030**

Inger Elin Egge, SFO-leiar (dagleg drift)

E-post: inger.elin.hammerseth.egge@sunnfjord.kommune.no

Maria Sture, SFO-leiar (administrativ)

E-post: maria.kristine.sture@sunnfjord.kommune.no

Organisering av SFO-dagen

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
<u>07.00–08.50</u> Samla gruppe Frukost Roleg aktivitet inne	<u>07.00–08.50</u> Samla gruppe Frukost Roleg aktivitet inne	<u>07.00–08.50</u> Samla gruppe Frukost Roleg aktivitet inne	<u>07.00–08.50</u> Samla gruppe Frukost Roleg aktivitet inne	<u>07.00–08.50</u> Samla gruppe Frukost Roleg aktivitet inne
<u>09.00–12.00</u> Stengd <u>12.00–14.30</u> Organiserte aktivitetar i grupper inne/ute	<u>09.00–14.30</u> Stengd	<u>09.00–12.45</u> Stengd <u>12.45–14.30</u> Organiserte aktivitetar i grupper inne/ute	<u>09.00–14.30</u> Stengd	<u>09.00–14.30</u> Stengd
<u>14.30–16.30</u> Registrering og meldingar Niste og drikke Aktivitet inne eller ute	<u>14.30–16.30</u> Registrering og meldingar Niste og drikke Aktivitet inne eller ute	<u>14.30–16.30</u> Registrering og meldingar Niste og drikke Aktivitet inne eller ute	<u>14.30–16.30</u> Registrering og meldingar Niste og drikke Aktivitet inne eller ute	<u>14.30–16.30</u> Registrering og meldingar Niste og drikke Aktivitet inne eller ute
- Når morgon-SFO stengjer kl. 08.50, er det ein vaksen frå skulen som har tilsyn med elevane ute fram til skuledagen startar. - Kor mange vaksne som er på SFO, varierer med kor mange påmelde barn vi har, og med behova til barna.				



Periodeplanar

SFO planlegg for seks periodar i løpet av året.

Periode	Tema
1 August–september	Bli kjende, og velkomen til 1. klasse
2 Oktober–november	Haust og fellesskap
3 Desember	Advent og jul
4 Januar–februar	Vinter og leseprosjekt
5 Mars–april	Vår og påske
6 Mai–juni	Sommar og 17. mai

For å kunne knyte årsplanen saman med rammeplanen tek vi omsyn til desse fem områda når vi planlegg perioden: sosial samhandling og inkludering, leik og aktivitetar, kunst og kultur, fysisk aktivitet og rørsleglede, mat og måltidsglede.

Periode 1	August–september			
Tema:	Bli kjende, og velkomen til 1. klasse			
Sosial samhandling og inkludering	Leik og aktivitetar	Kunst og kultur	Fysisk aktivitet og rørsleglede	Mat og måltidsglede
Verte kjende med kvarandre. Verte kjende med rutinane på SFO. 1. klasse skal få ein god start.	Frileik inne/ute. Verte kjende med nærområdet vårt.	Musikk/dans. Formingsaktivitet.	Frileik ute. Organisert leik. Songleik. Plukke bær.	Grilling i bålhuset.
Første skuledag 19. august – velkomen til SFO!				

Periode 2	Oktober–november			
Tema:	Haust og fellesskap			
Sosial samhandling og inkludering	Leik og aktivitetar	Kunst og kultur	Fysisk aktivitet og rørsleglede	Mat og måltidsglede
SN-dagen og mangfald.	Frileik inne/ute. Refleksdagen. Kjeldesortering. Brannvern og brannøving.	Musikk/dans. Formingsaktivitet. Lage haustvindaug.	Frileik ute. Organisert leik. Sopptur. Klatring/buldring. Bading.	Grilling i bålhuset. Frukt og grønt.
Haustferie 7.–11. oktober – samordna ferie-SFO på Vassenden. Fridag for elevane 1. november – planleggingsdag, SFO er stengd.				



Periode 3	Desember			
Tema:	Advent og jul			
Sosial samhandling og inkludering	Leik og aktivitetar	Kunst og kultur	Fysisk aktivitet og rørsleglede	Mat og måltidsglede
Ha ei roleg og koseleg førjulstid i lag.	Frileik inne/ute. Pynte til jul.	Musikk/dans. Lage julepynt. Lage noko hemmeleg. Lage julevindaug.	Frileik ute. Organisert leik.	Bake julekaker.
Siste skuledag før jul 20. desember – samordna SFO på Vassenden 23., 27. og 30. desember.				

Periode 4	Januar–februar			
Tema:	Vinter og leseprosjekt			
Sosial samhandling og inkludering	Leik og aktivitetar	Kunst og kultur	Fysisk aktivitet og rørsleglede	Mat og måltidsglede
Utfordre seg fysisk med ski/aking og symjing i trygge grupper.	Frileik inne/ute. Pynte til fastelavn. Feire den samiske nasjonaldagen.	Musikk/dans. Formingsaktivitet. Leseprosjekt: gå på biblioteket. Lage vintervindaug.	Frileik ute. Organisert leik. Ski og aking. Bading.	Grilling i bålhuset. Kakao.
Første skuledag etter jul 2. januar – velkomen tilbake til SFO! Vinterferie 17.–21. februar – samordna ferie-SFO på Vassenden.				

Periode 5	Mars–april			
Tema:	Vår og påske			
Sosial samhandling og inkludering	Leik og aktivitetar	Kunst og kultur	Fysisk aktivitet og rørsleglede	Mat og måltidsglede
Utfordre seg fysisk med ski/aking og symjing i trygge grupper.	Frileik inne/ute. Besøkje miljøstasjonen. Fyrstehjelp. Sjå etter vårteikn. Pynte til påske.	Musikk/dans. Formingsaktivitet. Bokfest. Lage vårvindaug.	Frileik ute. Organisert leik. Ski og aking. Bading. Gå på tur.	Grilling i bålhuset Bokfest: felles måltid. Vaflar.
Påskeferie 11.–21. april – samordna ferie-SFO på Vassenden 13.–15. april (onsdag 15. april stengjer SFO 12.00).				

Periode 6	Mai–juni			
Tema:	Sommar og 17. mai			
Sosial samhandling og inkludering	Leik Aktivitetar	Kunst og kultur	Fysisk aktivitet og rørsleglede	Mat og måltidsglede
Flagg og mangfald. Rydde og gjere klart til neste skuleår i lag.	Frileik inne/ute. Pynte til 17. mai. Gjere ferdig ting vi har jobba med. Sommaravslutning.	Musikk/dans. Formingsaktivitet. Lage 17.-mai pynt.	Frileik ute. Organisert leik. 17. mai-leikar. Klatring/buldring. Gå på tur. Spikke.	Lage til mat og ete ute. Grilling i bålhuset. Is.
Fridag for elevane 2. og 30. mai – SFO er stengd 2. mai – samordna ferie-SFO på Vassenden 30. mai. Siste skuledag 20. juni – sommar-SFO på Skei 23. juni–4.juli.				



Evaluering

Vi skal kontinuerleg arbeide for å fylgje intensjonen i rammeplanen for SFO og evaluere om vi når dei måla vi har sett oss.

Kjelder og vidare lesnad

Nasjonal rammeplan for SFO finn du på sidene til Utdanningsdirektoratet:

[Rammeplan for SFO \(udir.no\)](https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/) / www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/

Lokale vedtekter og prisar for skulefritidsordninga finn du på Sunnfjord kommune si

heimeside: [SFO - Sunnfjord kommune](https://www.sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/sfo/) / www.sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/sfo/

Informasjon som gjeld spesielt for SFO på Skei skule finn du på skulen si heimeside:

[SFO Skei skule - Sunnfjord kommune](https://www.skei.skule.no) / www.skei.skule.no

